

Jorunn Dyrkolbotn
Dyrkolbotn 50
5994 Vikanes

Dyrkolbotn 13.02.2017

Lindås Kommune
Postmottak
Teknisk Etat / Planavdelinga
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø



Dykkar referanse: 15/3856 – 16/33404

UTTALE PÅ FORESPURNAD FRÅ LINDÅS KOMMUNE – UTSATT SAK – GBNR 247/10

Syner til dykkar brev datert 16.01.17.

Syner til dykkar brev datert 06.12.16 og mitt tilsvaret på dette datert 12.01.17.

I Dykkar brev datert 16.01.17 er det satt "endeleg skrivefrist" til 13.01.17.

Oversender med dette nokre opplysningar i saka.

Eg har dei to siste vekene motteke to brev frå Kartverket

Breva er datert 31.01.17 (vedlegg 3 – 2 stk sider) og 07.02.17 (vedlegg 4 – 1 stk sider).

(Brevet datert 07.02.17 er korrigeringar av feilskrive namn i det første brevet av 31.01.17)

I brevet frå Kartverket 31.01.17, informerer Kartverket meg om at Signhild Dyrkolbotn har gjort fleire forsøk på å tinglyse min bustadtomt gbnr 247/11 over på seg sjølv.

Dette avviser/nekter Kartverket å gjennomføre, då det er eg som er heimelshavar til bustadtomten.

Kartverket informerer i sitt brev av 31.01.17 om Signhild Dyrkolbotn har gjort fleire forsøk på å få tinglyst bustadtomten min 247/11 over til seg sjølv.

Dette skal ha skjedd både i juni 2015 og i november/desember 2016.

Det heile fram kjem i noko merkeleg lys, då Signhild Dyrkolbotn ved fleire høve, både skriftleg og muntleg, har hevda "rota bort", skøytet ho i 2015 og 2016 har forsøkt få tinglyst.

Umiddelbart kan dokumenterast/bekreftast at Signhild Dyrkolbotn ved fylgjande høve har hevda ho har "rota bort" det nemnde skøytet:

- * I brev frå Signhild Dyrkolbotn datert 21.04.2008, stila til Jorunn & Jostein Dyrkolbotn
- * Uttala av Signhild Dyrkolbotn i "makebytemøte med Bjørn Dyrkolbotn og Dyrkolbotn på Dyrkolbotn Leirskule den 29.06.16
- * I brev frå Signhild Dyrkolbotn datert 17.07.2015, stila til Lindås Kommune
- * Uttala av Signhild Dyrkolbotn i rettsmøte i 12.10.15 i Lindås, Meland og Modalen Forliksråd
- * I brev frå Signhild Dyrkolbotn datert 05.10.15, stila til Lindås, Meland og Modalen Forliksråd.
- * I brev frå Signhild Dyrkolbotn datert 23.10.16. stila til Lindås Kommune

Så ved eit "under" dukka altså dokumentet igjen i november/desember 2016, og Signhild Dyrkolbotn freistar nok ein gong (som ei naudløysing?) å få dokumentet tinglyst. Noko altså kartverket nekter gjennomføre

Sanninga er altså at ho har hatt skøytet i hende heile tida, noko som no bekreftast av Kartverket. Spørsmålet er kva for tiltru til nokon som har slik "omtrentleg" og uriktig forhold til sanninga. Årsaka til at Signhild Dyrkolbotn heile tida har hatt dokumentet i hende, men påstått at ho har "mista dette, er openbar.

Ho vil ikkje syne verken for Lindås Kommune eller underteikna, at Kartverket nektar tinglysa dokumentet.

Som framkjem i saka, heimelshavar til gbnr 247/10, Signhild Dyrkolbotn, har søkt om å få byggja kloakkanlegg på min bustadtomt gbnr 247/11.

Signhild Dyrkolbotn fekk opphaveleg avslag på søknaden sin, då ho ikkje hadde rett til anleggje kloakkanlegg på min eigedom.

Etter at ho klaga saka inn til Fylkesmannen, oppheva Fylkesmannen avslaget til Lindås kommune.

Årsaka til at Fylkesmannen oppheva avgjerda til Lindås Kommune, er at det er kome nye, og for dei fleste ukjende forskrifter med hensyn på byggjesøknader.

I dei nye forskriftene er det tilstrekkeleg at utbyggjar kan "sansynleggjera" at han/ho har kloakkløysing, for at kommunane då skal gje byggjeløyve.

Dei privatrettslege forholda mellom utbyggjar og eventuelle naboar, blir eit privat forhold mellom partane og eventuelt rettssystemet.

Men uansett nye forskrifter, for kommunane skal tema ved byggesakshandsaming framleis vera plasseringsmessige og byggetekniske forhold som framgår i plan og bygningslov og dertil forskrifter.

Persellen min 247/11 er utskilt og avsett til bustadtomt, og skal ansjåast i lengre perspektiv.

Kommunen har plikt til sjå på tomten min som ein bustadtomt, uansett kven som ei heimelshavar til tomten.

Årsaka til at Signhild Dyrkolbotn påberopar seg å ha "sansynleggjort", å kunna anleggja sitt kloakkanlegg på min bustadtomt, er at ho viser til ein klausul på skøytet på bustadtomten min.

Bustadtomten min kjøpe min ektemann og eg saman i 1970/71 av naboen Haldor Dyrkolbotn, og me betalte kr 2000,- for tomten (Opphaveleg avtalt kjøpesum var kr. 3000,-. Men då me skulle betale for tomten ville ikkje Haldor ha meir enn kr. 2000,-).

Det blei gått skyldskifte over tomten min både i 1972 og 1974. (Går ikkje inn på her kvifor det blei gått to skyldskifter). Min ektemann deltok på skyldskiftet i 1974, og signerte også på skyldskiftedokumentet.

Skøytet på tomten min blei i 1974 utarbeida av Otto Jarl Dyrkolbotn, som var, og er ein skolert herremann. Otto Jarl Dyrkolbotn er far til Signhild Dyrkolbotn, og bror til min ektemann.

Hverken min ektemann (som no er pensjonert anleggsarbeidar), eller eg, hadde den gongen i 1974 noko som helst kunnskapar om skøyter.

Det var ein klar forutsetning at Otto Jarl Dyrkolbotn skulle utarbeida skøytet på tomten min, på grunnlag av anførslar i skylddelingsdokumentet, som altså var utarbeida nokre veker på førehand.

(Vidare blei det i 1974, utarbeida ei ektepakt mellom min ektemann og eg, der tomten blei mi særeiga.

Dette for å minimalisera økonomisk risiko for min ektemann, i forbindelse med hans deltaking i bygging av Dyrkolbotn Leirskule).

Det som for min ektemann og eg var fullstendig ukjent fram til 1981, var at Otto Jarl Dyrkolbotn i 1974 hadde skrevet inn ein tilbakekjøpsklausul til seg sjølv i skøytet mitt.

I denne for oss heilt ukjende klasulen har Otto Jarl Dyrkolbotn skrevet inn at dersom me (min ektemann og eg) ikkje byggjer på tomten vår innan 5 år (rekna frå 01.01.1974), skal tomten tilbakeførast til det som samstundes blei garden til Otto Jarl (247/1)!

Dette er heilt uforståeleg.

Det var no ikkje av Otto Jarl me hadde kjøpt tomten vår i 1970/71.

Så kvifor Otto Jarl har skreve inn ein tilbakekjøpsklausul til seg sjølv, på bustadtomten min, kan ein jo no i ettertid spekulere over.

Uansett hadde min ektemann og eg aldri godteke noko tilbakekjøpsklausul, om me då hadde vore klar over klausulen.

Det kan også opplysat om at verken min ektemann eller eg har signert på skøytet.

I tidsrommet 06-08 juni 2017 er det beramma ei rettssak i Bergen Tingrett omkring alle uklarhetene om skøytet på tomten min.

I det tinglyste skyldskiftet frå 1974 for bustadtomten min 247/11, framkjem det at eventuelle klokkledningar ikkje skal vera til ulempe for parselleigaren (som altså er underteikna).

Me kan ikkje så at denne servitutten er forelagt Fylkesmannen, og såleis ikkje vurdert inn i sakshandsaminga.

Om Signhild Dyrkolbotn skulle få godkjent byggesøknaden sin slik den no framkjem, ville dette bli møtt frå denne sida med krav om midlertidig forføyning, samt eventuell klage til Fylkesmann.

Dette i påvente av rettssaka i juni.

Det synest derfor tenleg for begge partar om å forlike saka.

Motparten har tidlegare framsatt forslag om makebyte av tomteareal.

Då me gjekk i forhandlingar, synt det seg at det var ikkje makebyte som var tenkt frå motparten, det heile framkom meir som truslar.

Om ein lukkast med forlika saka med makebyte av tomteareal synast tvilsamt.

For eigen del vil eg gje uttrykk for at dette er noko eg kunne tenka meg.

Eg er kjent med at Signhild Dyrkolbotn tidvis argumenter med at tomten min er innteke i kommunedelplanar etc.

Dette med at tomten min er omhandla i kommunedelplan frå 2011, var også fram til sommaren 2015 fullstendig ukjent for meg.

Det syner seg no at det er Signhild Dyrkolbotn som på eige initiativ har kontakta planavdelinga og fått planavdelinga til innta tomten min i kommunedelplanen.

Eg har i løpet av dei siste åra forspurt planavdelinga om hendelsesforløp om dette, utan fått skikkeleg svar.

Uansett er tomten min skilt i frå som bustadtomt.

Og eg må uansett, om arealet er avsett til LNF-område eller anna i kommunedelplanen, søke om dispensasjon om å byggja på tomten.

I og med at tomten er skilt ut som bustadtomt, er det erfaringsmessig slett ikkje usansynleg å få byggje på tomten.

Slik byggesøknaden til Signhild Dyrkolbotn om kloakkanlegg på tomten min framstår i skrivande stund, synest det som det i størst mogleg grad søkes forringa bustadtomten min til framtidig bustadbygging.

Signhild Dyrkolbotn har tidlegare argumentert overfor Lindås Kommune om at ho ikkje har rettighet til byggje kloakkanlegg på felles utmark til naboeigedom og eigen familie, gbnr 247/1 og gbnr 247/2.

Det er ein feilaktig påstand.

I vedlagt kopi (Vedlegg 1 – 4 stk sider) av skyldskifte til Signhild sin eigedom ((gbnr 247/10 – Leiskuletomten), framkjem det på side 2, punkt 2, at ho her har alle nødvendige rettigheter til leggja kloakkanlegg.

Ved å gjere enkle endringar på byggjesøknaden for kloakkanlegget til Signhild Dyrkolbotn, kan tomten min bevarast for bustadbygging.

Vedlagt er kartskisser eg har fått utarbeida (vedlegg 2 – 2 stk sider).

Denne syner kordan eit kloakkanlegg til Signhild kan opparbeidast, for på best mogleg måte skåne min tomt.

På vedlagte skisse er foreslått å plassere kloakkanlegget (reseanlegget) på Signhild sin familie sin eigen eigedom.

Om kloakkanlegget vert bygd som synt på vedlagte kartskisse, er det også mogleg for ein framtidig bustad på min tomt knyta seg på det omsøkte kloakkanlegget til Signhild. Og det at andre kunne knyta seg på eit felles kloakkanlegg, var også ein av servitutane i skylddelinga for tomten min.

Dersom kloakkanlegget blir bygd som Signhild no har omsøkt, vil det ikkje vera sjølvfall frå bustadtomten min og ned til reinseanlegget.

Blir reinseanlegget bygd slik eg har forsøkt synleggjort på vedlagte kartskisse, vil det vera naturelg fall frå ein framtidig bustad og ned på reinseanlegget.

Også overløp frå klakkanlegget til bekk vil bli mykje betre

På eit kloakkanlegg som omsøkt, vil det vera naturleg setje eit solid bygg oppå reinseanlegget. Dette med tanke på strøm, pumper etc.

Kven ønsker vel eit "kloakkbygg" midt inne på bustadtomten sin?

Også dette med ivaretakelse av snø, er ivaretatt på mi vedlagte kartskisse.

I Dyrkolbotn er me vel vand med fleire meter snø.

Slik byggjesøknaden til Signhild no framstår, vil snøbrøyting rundt ein framtidig bustad, vil snø bli brøyta opp på renseanlegget til kloakkanlegget.

Også ved snøbrøyting på den kommunale vegen, vil snø måtte blir brøyta opp på renseanlegget til kloakkanlegget,

Dette problemet unngår ein, ved å flytta kloakkanlegget som vist på den vedlagte kartskissa.

Det har tidlegar vore mykje korrespondanse i saka.

Me tykker det ikkje er så urimeleg forsvara oss mot forsøk på bli overkøyrd.

Me er frå motparten gjennom mange år møtt med feilaktige påstandar, trugsmål om injuriersøksmål, skulda for å flytta på grensemerkestein, fare med slarv etc.

Me ynskjer ikkje imøtegå alt dette, det får tale for seg sjølv.

I mitt brev til Lindås Kommune datert 12.01.2017, bad eg om at byggesaksavdelinga på nytt gjennomgår byggesøknaden vedr kloakkanlegget til Signhild Dyrkolbotn

Og i så måte hentytok plasseringsmessige og byggetekniske forhold som framgår i plan og bygningslov og dertil forskrifter.

Også dette med at eventuelle klokledningar ikkje skal vera til ulempe for parselleigaren, bad eg om at byggesaksavdelinga ser på. Dette er nemleg ikkje vurdert i uttalen frå Fylkesmannen.

Eg har ikkje motteke tilbakemelding på henstillinga mi.

Ved handsaminga av saka i Plan- og Miljøteknisk utval, ber me om at Signhild Dyrkolbotn påleggast byggja kloakkanlegget slik at dette ikkje er til ulempe for min bustadtomt gbnr 247/11.

Kopi: Advokat Trond Lexau, Lille Markeveien 13, 5005 Bergen, E-Post: advokat@lexau.no

Vedlegg 1 (4 stk sider): Skyldskifte for gbnr 247/10 (Leirskuletomten som dokumenterer at Signhild Dyrkolbotn kan anlegge kloakkanlegget sitt på felles utmark med nabo gbnr 247/2

Vedlegg 2 (2 stk sider): Kartskisser for gbnr 247/11

Vedlegg 3 (2 stk sider): Brev frå kartverket datert 31.01.17

Vedlegg 4 (1 stk side): Brev frå kartverket datert 07.02.17

Med vennleg helsing



Jorunn Dyrkolbotn
Heimelshaver til gbnr 247/11